



--

Arkiv saknr:	2019/438
Løpenr.:	7655/2019
Arkivkode:	Q14

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Formannskapet		

Sakshandsamar: Magne Tveiten

## Oppstartsvedtak - Sagvegen med flaumvoll - Åmot

Dokument i saka: sak 2018/2778

### Bakgrunn:

Prioritering av opprusting av kommunale vegar 2019 - 2022. Sagvegen i Åmot skal utbetrast. Strekninga frå E134 til reinseanlegget skal dimensjonerast for 10 t akseltrykk. Det skal byggast flaumvoll mot elva. Det skal og byggast ny bru over elva slik at det blir tilkomst til området frå fylkesveg 38 Dalsvegen. Kostnad: ca. 10 mill. inkl. mva. Fordela slik i budsjett: 7 mill. i 2019 og 3 mill. i 2020.

### Gjennomføring:

Asplan Viak as. står for planar, teikningar og prosjektering. Tiltaket omfattar oppgradering av ca. 300 meter kommunal veg. Ca. 400 meter med «ny» veg, som skal ligge på toppen av flaumvollen. Total lengde på flaumvollen er ca. 600 meter og skal steinsettast mot elv. Systemet for overvatn skal byggast med opne grøfter, slukar og stikkrenner ut i elva. Prosjektet omfattar ikkje ny bru. Denne må eventuelt stadfestast i budsjett for 2020.

### Vurdering:

Slik gjennomføringsplan no føreligg, kan det tenkast at delar av løyvingar i 2020 må flyttast til 2019 budsjettet, men det kjem me attende til i 2. tertial for 2019.

### Rådmannens framlegg til vedtak:

<b>Formannskapet gjev løyve til oppstart av prosjektet Sagvegen med flaumvoll jamfør sak 2018/2778.</b>
---

Rådmannen, 08.04.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/